



Oslo, 03.02.2020

Rapport om «Trilogien» til Schauspiel Frankfurt

Det Norske Teatret gjennomførte i samarbeid med NORLA ei gjesting til Schauspiel Frankfurt i samband med Frankfurter Buchmesse. 23. og 24. oktober 2019 spelte vi to framsyningar av «Trilogien», basert på Jon Fosse sin roman med same namn. Framsyninga var dramatisert og sett i scene av den anerkjende regissøren Luc Perceval, og hadde premiere under Fossefestivalen på Det Norske Teatret i september tidlegare same haust.

Samarbeidet med Schauspiel Frankfurt gjekk fint. Vi hadde god dialog i forkant om både praktiske, økonomiske og tekniske problemstillingar, og alle var godt førebudde når vi kom til sjøve gjennomføringa av framsyningane. Alt teknisk arbeid gjekk problemfritt og raskt, takka vere god hjelp frå dei ulike avdelingane på teateret i Frankfurt. Det var ei hyggjeleg mottaking med litt drikke bak scenen etter den første framsyninga, før vi blei invitert på mat i kantina.

Begge framsyningane blei godt gjennomførte og mottakinga frå publikum var veldig god. Vi har etterspurt dei endelege besøkstala, men framleis ikkje fått dei frå Frankfurt. Basert på meldingar vi fekk undervegs anslår vi tala til å vere omtrent 360 publikummarar første kvelden og 260 publikummarar den andre kvelden. Det var fleire nasjonale og internasjonale teaterfolk i salen og vi har i etterkant av gjestinga merka høg interesse både for Det Norske Teatret og for framsyninga. Mellom anna har ein teaterstudent frå Berlin som såg framsyninga i Frankfurt vore i Oslo for å skrive sin avsluttande eksamen om produksjonen.

Frankfurter Allgemeine Zeitung melde framsyninga (sjå vedlegg).

Det var gledeleg å sjå at interessa for Fosse var stor i Frankfurt og at framsyninga blei så godt teke imot av eit utanlandsk publikum. Vi har fått fleire førespurnader om gjesting til andre teater, mellom anna til Kina, Russland, Tsjekkia og Ungarn, og følgjer opp dette vidare. «Trilogien» er ein produksjon som er relativt enkel å reise med, så vi har ei von om at den kan få eit vidare liv ute i verda.

Vi takkar NORLA så mykje for støtta som var heilt avgjerande for at visningane i Frankfurt blei moglege.

Med beste helsing,

Tine Lund
Prosjektleder

Tel: +47 22 94 17 16

Mob: +47 936 31 991

E-mail: tine.lund@detnorsketeatret.no